

UNIVERSITETET I OSLO
DET HUMANISTISKE FAKULTET

**Eksamen i
LING 1112
Morfologi og syntaks 1**

Våren 2013

Tid: Torsdag 23. mai 2013 kl. 9-13 (4 timer/timar)
Sted/stad: SB lesesal B

Ingen hjelpemidler tillatt / hjelpemiddel ikkje tillatne

Oppgavesettet/oppgåvesettet er på 9 sider, inkl.
forsiden/framsida
(s. 2-5 er bokmål, s. 6-9 er nynorsk)

Sensur: 3 uker/veker (13. juni 2013)

BOKMÅL

Eksamen i LING1112 består av en syntaksdel og en morfologidel. Disse to delene vil telle like mye ved evalueringen.

Legg merke til at du skal velge bort en av syntaksoppgavene og en av morfologioppgavene.

Det blir mye arbeid på fire timer. Men vi som skal evaluere besvarelsen din vet at du har hatt det travelt, og det er fullt mulig å bestå eksamenen selv om det kanskje blir noen hull i svarene.

SYNTAKS

NB Velg to av disse tre oppgavene:

OPPGAVE 1

a) Sett opp dypstruktur og overflatestruktur for setning (1). Sett også opp argumentstruktur for verbene i setningen.

(1) Den maten klarer jeg ikke å spise

b) Er theta-kriteriet og kasusfilteret tilfredsstilt i setning (1)? Forklar.

c) Forklar forskjellen mellom PRO og et spor. Hvorfor må det være PRO i subjektposisjonen til *spise*? Hvorfor kan det ikke være et spor?

d) Hva er galt med setningene (2)-(3)?

(2) *Jeg tror ikke at PRO spiste maten

(3) *Å PRO snø gleder meg

Setningene (2) og (3) er ment å skulle bety 'Jeg tror ikke at noen spiste maten' og 'At det snør, gleder meg'.

OPPGAVE 2

a) Forklar kort hva det vil si at et verb er passivt og hvilke syntaktiske konsekvenser det har.

b) Forklar kort hva det vil si at et verb er et hjelpeverb og hvilke syntaktiske konsekvenser det har.

c) Sett opp dypstruktur og overflatestruktur for setning (4). Sett også opp argumentstruktur for verbene i setningen.

(4) På en slette ble det sett en bjørn

d) Er theta-kriteriet og kasusfilteret tilfredsstilt i setning (4)? Forklar.

OPPGAVE 3

a) Sett opp dypstruktur og overflatestruktur for setning (5). Sett også opp argumentstruktur for verbene i setningen.

(5) Denne sengen har en konge sovet i

b) Forklar hvordan abstrakt kasus tilordnes, generelt og i setning (5).

c) Hva er galt med setningene (6) og (7)?

(6) *Å du synge vekker barna

(7) *En omtale forestillingen sto i avisen

Setningene (6) og (7) er ment å skulle bety 'At du synger, vekker barna' og 'En omtale av forestillingen sto i avisen'.

d) Intuitivt er det klart at setningene (8)-(9) er akseptable. Tilfredsstiller de kasusfilteret? Forklar.

(8) Han er veldig lik sin bestefar

(9) Han kom til byen forrige mandag

MORFOLOGI

NB Velg fire av disse fem oppgavene:

OPPGAVE 1

Booij skriver: "We might define inflection as 'the kind of morphology that is relevant to syntax'." Forklar hva dette betyr. Er forholdet mellom de norske adjektivene *gul* og *gult* bøyning etter denne definisjonen? Er forholdet mellom *fornøyd* og *misfornøyd* bøyning? Du kan gjerne trekke inn andre eksempler også, fra norsk eller andre språk.

OPPGAVE 2

a) Forklar hva som er forskjellen mellom styring (engelsk 'government') og kongruens (engelsk 'agreement'). Illustrer med eksempler fra norsk eller andre språk.

b) Hvordan kan man gjøre rede for formen på hovedverbet i (10)-(11)? Forklar om styring eller kongruens er relevant her.

(10) Kari vil synge / *sunget

(11) Kari har sunget / *synge

OPPGAVE 3

Forklar kort hva det vil si at en morfologisk regel er produktiv. Forklar deretter hva som ligger i begrepet komposisjonalitet, og på hvilken måte produktivitet og komposisjonalitet henger sammen. Illustrer med eksempler fra norsk eller andre språk. Trekk gjerne inn både bøyning og avledning og sammensetning.

OPPGAVE 4

a) Forklar hva et paradigme er (når vi snakker om bøyning - se bort fra andre bruksmåter av ordet), og hva som ligger i begrepet grammatisk ord når man snakker om paradigmer.

b) Forklar begrepene stamme, stammeallomorfi og synkretisme. Du kan hente eksempler fra de islandske paradigmene under (presens indikativ av verbene *telja* 'telle', *spyrja* 'spørre', *dæma* 'dømme' og *kalla* 'kalle'). Du kan gjerne trekke inn andre eksempler også.

Entall	1. p	tel	spyr	dæmi	kalla
	2. p	telur	spyrð	dæmir	kallar
	3. p	telur	spyr	dæmir	kallar
Flertall	1. p	teljum	spyrjum	dæmum	köllum
	2. p	teljið	spyrjið	dæmið	kallið
	3. p	telji	spyrja	dæma	kalla

OPPGAVE 5

For et par år siden kunne leserne av en nettavis få svar på spørsmål av en "språkekspert". En leser spurte hva grammatisk kjønn er (også kalt genus, engelsk 'gender'). Svaret var som følger:

SVAR: I norsk har vi både hunkjønnord, hankjønnord og intetkjønnord. Det er vanskelig å si hvorfor vi kaller det kjønn, når det egentlig bare er en bøyingsklasse. Norsk har for eksempel også svake og sterke hunkjønnord, og i noen dialekter gir det ulik bøyning av ordene. Det kan hete "ei jente - jenta", men "ei bygd - bygdi". Når språkvitere snakker om grammatisk kjønn, har det ingenting med biologisk kjønn å gjøre. Det sier bare noe om hvordan et ord skal bøyes. Et ord kan for eksempel være et hankjønnord i norsk og et hunkjønnord i fransk, slik som "en/ein måne" og "la lune".

(Svaret bruker begrepene svake og sterke hunkjønnord. Svake er de som slutter på vokal, sterke er de som slutter på konsonant.)

Forklar kort hva som er problemet med dette svaret, ut fra hva vi har lest i Booij og snakket om på kurset. Skriv deretter et alternativt svar på spørsmålet om hva grammatisk kjønn er (ikke nødvendigvis beregnet på nettavislesere), der du forklarer eksplisitt hvordan man kan vite om to nomen tilhører samme grammatiske kjønn. Du kan gjerne trekke inn andre språk enn norsk.

NYNORSK

Eksamen i LING1112 består av ein syntaksdel og ein morfologidel. Desse to delane vil telje like mykje ved evalueringa.

Legg merke til at du skal velje bort ei av syntaksoppgåvene og ei av morfologioppgåvene.

Det blir mye arbeid på fire timar. Men vi som skal evaluere svaret ditt veit at du har hatt det travelt, og det er fullt mogeleg å bestå eksamenen sjølv om det kanskje blir nokre hol i svara.

SYNTAKS

NB Vel to av desse tre oppgåvene:

OPPGÅVE 1

a) Set opp djupstruktur og overflatestruktur for setning (1). Set også opp argumentstruktur for verba i setninga.

(1) Den maten klarer jeg ikke å spise

b) Er theta-kriteriet og kasusfilteret tilfredsstilte i setning (1)? Forklar.

c) Forklar forskjellen mellom PRO og eit spor. Kvifor må det vere PRO i subjektposisjonen til *spise*? Kvifor kan det ikkje vere eit spor?

d) Kva er galt med setningane (2)-(3)?

(2) *Jeg tror ikke at PRO spiste maten

(3) *Å PRO snø gleder meg

Setningane (2) og (3) er meint å skulle bety 'Eg trur ikkje at nokon spiste maten' og 'At det snør, gleder meg'.

OPPGÅVE 2

a) Forklar kort kva det vil seie at eit verb er passivt og kva syntaktiske konsekvensar det har.

b) Forklar kort kva det vil seie at eit verb er eit hjelpeverb og kva syntaktiske konsekvensar det har.

c) Set opp djupstruktur og overflatestruktur for setning (4). Set også opp argumentstruktur for verba i setninga.

(4) På en slette ble det sett en bjørn

d) Er theta-kriteriet og kasusfilteret tilfredsstilte i setning (4)? Forklar.

OPPGÅVE 3

a) Set opp djupstruktur og overflatestruktur for setning (5). Set også opp argumentstruktur for verba i setninga.

(5) Denne sengen har en konge sovet i

b) Forklar korleis abstrakt kasus blir tilordna, generelt og i setning (5).

c) Kva er galt med setningane (6) og (7)?

(6) *Å du synge vekker barna

(7) *En omtale forestillingen sto i avisen

Setningane (6) og (7) er meint å skulle bety 'At du synger, vekker barna' og 'En omtale av forestillingen sto i avisen'.

d) Intuitivt er det klart at setningane (8)-(9) er akseptable. Tilfredsstiller dei kasusfilteret? Forklar.

(8) Han er veldig lik sin bestefar

(9) Han kom til byen forrige mandag

MORFOLOGI

NB Vel fire av disse fem oppgåvene:

OPPGÅVE 1

Booij skriv: "We might define inflection as 'the kind of morphology that is relevant to syntax'." Forklar kva dette betyr. Er forholdet mellom dei norske adjektiva *gul* og *gult* bøyning etter denne definisjonen? Er forholdet mellom *fornøyd* og *misfornøyd* bøyning? Du kan gjerne trekkje inn andre eksempel også, frå norsk eller andre språk.

OPPGÅVE 2

a) Forklar kva som er forskjellen mellom styring (engelsk 'government') og kongruens (engelsk 'agreement'). Illustrer med eksempel fra norsk eller andre språk.

b) Korleis kan ein gjere greie for formen på hovudverbet i (10)-(11)? Forklar om styring eller kongruens er relevant her.

(10) Kari vil synge / *sunget

(11) Kari har sunget / *synge

OPPGÅVE 3

Forklar kort kva det vil seie at ein morfologisk regel er produktiv. Forklar deretter kva som ligg i omgrepet komposisjonalitet, og på kva måte produktivitet og komposisjonalitet heng saman. Illustrer med eksempel frå norsk eller andre språk. Trekk gjerne inn både bøyning og avleiing og samansetjing.

OPPGÅVE 4

a) Forklar kva eit paradigme er (når vi snakkar om bøyning - se bort frå andre bruksmåtar av ordet), og kva som ligg i omgrepet grammatisk ord når ein snakkar om paradigme.

b) Forklar omgrepa stamme, stammeallomorfi og synkretisme. Du kan hente eksempel frå dei islandske paradigma under (presens indikativ av verba *telja* 'telje', *spyrja* 'spørje', *dæma* 'dømme' og *kalla* 'kalle'). Du kan gjerne trekkje inn andre eksempel også.

Eintal	1. p	tel	spyr	dæmi	kalla
	2. p	telur	spyrð	dæmir	kallar
	3. p	telur	spyr	dæmir	kallar
Fleirtal	1. p	teljum	spyrjum	dæmum	köllum
	2. p	teljið	spyrjið	dæmið	kallið
	3. p	telji	spyrja	dæma	kalla

OPPGÅVE 5

For eit par år sidan kunne lesarane av ei nettavis få svar på språkspørsmål av ein "språkekspert". Ein lesar spurte kva grammatisk kjønn er (også kalla genus, engelsk 'gender'). Svaret var som følgjer:

SVAR: I norsk har vi både hunkjønnsord, hankjønnsord og intetkjønnsord. Det er vanskelig å si hvorfor vi kaller det kjønn, når det egentlig bare er en bøyningssklasse. Norsk har for eksempel også svake og sterke hunkjønnsord, og i noen dialekter gir det ulike bøyninger av ordene. Det kan hete "ei jente - jenta", men "ei bygd - bygdi". Når språkvidere snakker om grammatisk kjønn, har det ingenting med biologisk kjønn å gjøre. Det sier bare noe om hvordan et ord skal bøyes. Et ord kan for eksempel være et hankjønnsord i norsk og et hunkjønnsord i fransk, slik som "en/ein måne" og "la lune".

(Svaret bruker omgrepa svake og sterke hunkjønnsord. Svake er dei som sluttar på vokal, sterke er dei som sluttar på konsonant.)

Forklar kort kva som er problemet med dette svaret, ut frå kva vi har lese i Booij og snakka om på kurset. Skriv deretter eit alternativt svar på spørsmålet om kva grammatisk kjønn er (ikkje nødvendigvis beregna på nettavislesarar), der du forklarar eksplisitt korleis ein kan vite om to nomen tilhøyrer same grammatiske kjønn. Du kan gjerne trekkje inn andre språk enn norsk.